

Økonomisk rapportering for mars 2018 med prognose for året

Tal i heile 1.000 kr

TO	Tenesteområde	Rekn.	Budsj.	Rest	Forbr i %	Progn.	Endr. 18	Kommentar
12	Økonomi/Finans	93 912	456 000	362 088	20,6 %	454 770	- 1 230	Vi får auke i rammetilskot med kr 0,25 mill som følge av budsjettavtalen på Stortinget, vi får lågare komp. for redusert basistilskot enn budsjettet med kr 0,8 mill, og vi får kr 1,75 mill i lågare skatteutjamning som følge av lågare innbyggjartal per 1. januar 2018 enn budsjettet. I sum gjev dette reduksjon i skatt og rammetilskot med kr 2,3 mill. BKK har varsla utbytte til Meland kommune på kr 4,07 mill, som er kr 1,07 mill høgare enn budsjettet. Netto ventar vi reduserte inntekter på finansområdet med kr 1,23 mill. Budsjettet før reduserast tilsvarande.
10	Politikk/Rådmannskontor	4 966	17 620	12 654	28,2 %	17 620	-	Ikkje forventa avvik så langt
11	Økonomikontor	1 461	9 700	8 239	15,1 %	9 700	-	Lågt %-vis forbruk grunna ikkje bokførte periodiseringar. Korrigert for dette er forbruket 32%. Ikkje forventa avvik på årsbasis.
13	IKT og Brann	2 404	15 530	13 126	15,5 %	15 530	-	Lågt forbruk grunna feil i periodisering av kostnader knytta til brann og redningstjeneste (Lindås). Ikkje forventa avvik på årsbasis.
14	Rådgjevartenesta	1 548	8 970	7 422	17,3 %	9 520	- 550	Ikkje forventa avvik så langt på ordinær drift. Behov for å leige inn konsulentar til arbeidet med rullering av kommuneplanen, estimert til kr 550.000,- som det ikkje er budsjettet med. Rådmannen foreslår budsjettjustering til dette.
15	Barnehageadmin. og tilsyn	18 561	81 450	62 889	22,8 %	81 450	-	Lågt forbruk har samanheng med at utbetaling av nokre tilskuddsordningar kjem seint i halvåret. Ikkje forventa budsjettavvik så langt.
19	PPT	799	2 950	2 151	27,1 %	2 950	-	Ikkje forventa avvik så langt.
20	Kommunal Barnehagedrift	1 952	7 840	5 888	24,9 %	6 990	850	Ikkje forventa avvik så langt på ordinær drift. Det er budsjettet med oppstart av ny avdeling i Marihøna Barnehage frå hausten 2018 med netto kostnad på om lag kr 950.000,-. Budsjettet investering på kr 7,3 mill til dette tiltaket vert foreslått teke ut, og midlane i driftsbudsjettet til dette tiltaket bør og takast ut. Barnhagen reknar med auka kostnader knytt til ny pedagognorm frå hausten 2018 med om lag kr 100.000,-. Netto forventa mindreforbruk vert kr 850.000,-.
21	Grasdal skule	3 797	13 680	9 883	27,8 %	13 680	-	Ikkje forventa avvik så langt
23	Meland Ungdomsskule og VO	4 771	15 990	11 219	29,8 %	16 990	- 1 000	Ikkje forventa avvik så langt på ordinær drift. Kommunestyret vedtok i 2017 å løyve inntill kr 1,0 mil årleg til miljøarbeid i skulen. Dette er ikkje inkludert i det vedtekte budsjettet for 2018. Rådmannen ynskjer å inkludere prosjektet i kommunen sitt ordinære driftsbudsjett, og gjer framlegg om å auke driftsramma i 2018 til Meland Ungdomsskule som skal ha budsjettansvaret for dette prosjektet med kr 1,0 mill. Rapportering av status, fremdrift og økonomi i prosjektet vil uansett skje i separate prosjektrapporter. Kommunen sitt budsjett skal reflektere all verksemd og aktivitet som kommunestyret har vedteke, og det er difor nudsynt å ta dette prosjektet inn som del av driftsbudsjettet til kommunen.

**Økonomisk rapportering for mars 2018 med prognose for året**

Tal i heile 1.000 kr

TO	Tenesteområde	Rekn.	Budsj.	Rest	Forbr i %	Progn.	Endr. 18	Kommentar
24	Rossland skule	7 245	25 230	17 985	<b>28,7 %</b>	25 230	-	Ikkje forventa avvik så langt
25	Sagstad skule	10 207	31 840	21 633	<b>32,1 %</b>	31 840	-	Ikkje forventa avvik så langt. Det er mykje uteståande inntekter som gjer at prosentvis forbruk er noko høgt.
26	Vestbygd skule	5 842	19 550	13 708	<b>29,9 %</b>	19 550	-	Ikkje forventa avvik så langt
30	Helse	7 234	27 650	20 416	<b>26,2 %</b>	27 650	-	Ikkje forventa avvik så langt
35	NAV	6 064	12 260	6 196	<b>49,5 %</b>	12 260	-	Høgt forbruk grunna at periodisering av flyktningmidler ikkje er bokført. Ikkje forventa avvik så langt.
36	Barnevern	2 549	10 310	7 761	<b>24,7 %</b>	11 310	- 1 000	Basert på noverande utgiftsnivå med tiltak reknar vi med meirforbruk for året på om lag kr 1,0 mill. Lågt forbruk hittil i år skuldast manglende utbetalingar til tenestekjøp frå BUF etat.
37	Meland Sjukeheim	11 733	45 560	33 827	<b>25,8 %</b>	45 560	-	Ikkje forventa avvik så langt
38	Meland Heimetenester	17 954	63 140	45 186	<b>28,4 %</b>	63 840	- 700	Meirforbruk i 2017 på om lag kr 4,0 mill. gjer at det er det er særleg viktig å vurdere korleis det går med drifta i år. Så langt ser driftsnivuet ut til å vere innanfor dei tildelte rammene for 2018. Rådmannen har likevel set i verk ei analyse av drifta i tenesta. Konklusjon på dette kjem ein tilbake til i seinare rapportering. Heimetenesta varslar uavhengig av dette at det vil komme auke i kostnader knytt til ressurskrevjande tenester for einskildebuarar på minimum kr 0,7 mill. i 2. halvår 2018 (netto etter refusjonar). Tenesteormådet ser per idag ikkje korleis dei kan spare inn dette på andre område.
50	Kulturkontor	2 320	10 570	8 250	<b>21,9 %</b>	10 570	-	Ikkje forventa avvik så langt
60	PUK - Plan, Utbygging, komm. Tekn,	486	32 460	32 946	<b>-1,5 %</b>	32 460	-	Kommunale avgifter for 1. termin fakturert i febr. fører til netto inntekt på PUK. Det har vore større utgifter til vintervedlikehald av vegar enn vanleg, og høgare straumutgifter enn budsjettet. Innsparing på andre område gjer at vi likevel ikkje forventar avvik totalt for tenesteområde.
	Lønstillegg til fordeling alle TO		3 200	3 200		3 200	-	Ikkje berkna eller fordelt på tenesteområda ennå.
<b>60</b>	<b>Sum utgifter tenesteområda</b>	<b>110 923</b>	<b>455 500</b>	<b>344 577</b>	<b>24,4 %</b>	<b>457 900</b>	<b>- 2 400</b>	

Økonomisk rapportering for mars 2018 med prognose for året

Tal i heile 1.000 kr

TO	Tenestoområde	Rekn.	Budsj.	Rest	Forbr i %	Progn.	Endr. 18	Kommentar
	Netto overskot eller avsetn. til (+) eller bruk av (-) disp.fond	- 17 010	500	17 510		- 3 130	- 3 630	<p>Rekneskapsresultat på - kr 17,0 mill. per mars 2018 viser ikkje reelt bilete av den økonomiske statusen til kommunen, då ei rad inntekter og utgifter ikkje er periodisert i det framlagte rekneskapsoversynet.</p> <p>Så langt ventar vi meirforbruk på barnvern og heimetenestene, innsparing på Marihøna barnehage, og vi får auka utgifter i forhold til budsjett på rådgjevartenesta om kommestyret ynskjer å gjennomføre foreslått utgreiingsarbeid knytt til rullering av kommuneplanen. Skulemiljøprosjektet må inkluderast i kommunen sitt driftsbudsjett, og vi vil og få lågare rammetilskot og lågare skatteutjamning enn budsjettert for 2018. Totalt gjer dette reduserte inntekter på kr 1,23 mill og auka utgifter på kr 2,4 mill, slik at vi går frå eit overskot (netto mindreforbruk) i budsjettet på kr 0,5 mill til at vi må bruke om lag kr 3,1 mill av disp.fondet til drift i 2018.</p>